

## Rapport frå Torgdagen 2016

Laurdag 11. juni var ein fantastisk dag, då den førtiande Torgdagen i Bergen gjekk av stabelen. Det var også [Hansadagene 2016](#), og heile byn syda og koka av folkeliv, flotte båtar, kulturliv og glade smil.

## Flotteste båten på Torgdagen 2016

Kåring av den best restaurerte og vedlikeholdte båten er et fast innslag på Torgdagen. I år var det en båt som skilte seg klart og positivt ut, der den lå og skinte langs bryggekanten.

Gerhard Eikeland fikk prisen Best restaurerte båt for sin båt *MB Quest* av Torgdagen 2016. En verdig vinner som ble glad og stolt over hederen vi ønsket å vise. Han hold også en flott takketale og sa viktige ord om å ta vare på kystkulturen.

*MB "Quest"* er en Agentbåt, en typen båter som ble bygget fra 30 årene og fremover, som et salgskontor på kysten. Båtene gikk med salgsagent, nye varer og mannskap til kundene rundt på kysten i vest og nord. "Quest" er en av de siste av disse båtene som er i original stand og som er svært godt vedlikeholdt. Den ble bygget for Hansa Bryggerier i 1943, ble brukt som vaktbåt av tyskarane under krigen, før den igjen ble agentbåt for Hansa til 1974.

I 1976 ble båten solgt til Gerhard Eikeland, og har siden da vært i aktivt bruk, og ble vernet av Riksantikvaren i 2013. Båten er i 36 år blitt vedlikeholdt av Gerhard Eikeland med familie. Alle kostnader til vedlikehold, bruk og kulturformidling er betalt av familien, med unntak av noe finansiering av Hordaland Fylkeskommune og i tidligere tider noe sponsoring fra Hansa Bryggerier. Sønnen Ståle Eikeland, en ny generasjon har tatt over vedlikehold av fartøyet, men de gamle vet fremdeles best.

Se mer om historien til *Quest* på deres egne sider [www.facebook.com/hansabaaten/](http://www.facebook.com/hansabaaten/)  
Vidar Tveranger hjalp styret i Torgdagen med å plukke ut den finaste båten.

## Bunadparade fra Hansamarkedet til Torgdagen 2016

For å markere den 40. Torgdagen i Bergen ønskete styret å ha med eit optog med bunader. Dette har vore gjort tidlegare i Torgdagen sin historie, og vi tenkte dette ville vere eit ekstra flott innslag på denne jubileumsdagen. Hansadagene hadde også parader i løpet av dei fire dagane folkefesten gjekk føre seg, og det høva godt med ein bunadparade frå Hansamarkedet til Torget.

Hordaland husflidslag tok utfordringa då vi spurde om dei ville mobilisere bunader frå heile regionen. Mange lokale husflidslag stilte opp, og viste bunader både frå Nordhordland, Sunnhordland, Askøy, Sotra, Fusa, Os, Austevoll, Fana, Tysnes og mange fleire. Det vart eit riktig flott og fargerikt optog som gjekk frå Festningskaien, over Bryggen i Bergen og til Torget.

Vi var også så heldige å få med oss Sund toradarklubb, som spelte heile vegen, og Knarvik Gamaldanslag, som dansa på fleire stopp langs ruta. Paraden var eit flott skue, og var til stor glede for byfolk og stril, for ikkje snakke om Hanseatar og alle turistane i Bergen.

Tusen takk til kvar og ein av dere som var med, og gav både Torgdagen, publikum og oss alle ei flott oppleveling!

## Torgdagen 2016, program frå scena

Den førtiende Torgdagen i Bergen vart gjennomført laurdag den 11. juni. Torgdagen i Bergen er alltid på den andre lørdagen i juni, og i år sammenfalt det også med [Hansadagene](#), som var i Bergen for første gong sidan 1996. Dermed ble det ekstra mykje folkliv, aktiviteter og pulserande liv i Bergen disse dagane når både Hanseatar, turister, bymann og stril gjekk mann av huse til bydn.

På Torgdagen prøver vi å legge opp til litt variert program, med noko for ein kvar smak, spennvidda er stor.

## Andre del av programmet frå scena, Torgdagen 2016

Etter ein times pause var det klart for andre bolk av programmet frå scena. I pausen byrja det brått å regne, og ein kraftig skur tromma i bakken. *Bryggjesjauarene* fra Dokkeskjærskaien var første band ut. Det var gledeleg å sjå at regnbygen ikkje skremde hverken bymann eller stril, og dei fengande musikken fengta folk under paraplyene. Bygen gjekk heldigvis fort over, og dagen held fram i strålende solskin og mykje god musikk frå scena.

## Den finaste familien på Torgdagen 2016

Vi brukar kåre beste drakta på Torgdagen, det har vore pris for vaksne og for born. I år gjekk prisen til ein heil familie, som var så gjennomført at det var ein fryd!

Heidi og Asbjørn Mongstad frå Manger, med sønene Viljar og Vegard hadde både drakt og tilbehør frå Gamledagar. Dei hadde tatt turen til bydn med DS Oster, og for å få vist den flotte familien fram på scena stokka vi litt om i programmet, slik at dei også fekk ta Dampen tilbake til Nordhordland.

Vi fekk snakka litt med dei då vi gjekk rundt og såg etter folk i fine klede, og fekk då også helse litt på minsteguten Vegard som satt i ein gammal sportsvogn. Den guten har godt sovehjerte, for seinare sov han seg gjennom heile seansen på scena, frå vogna vart løfta opp og ned frå scena igjen. Det var derfor største guten Viljar som fekk fiskestong i premie, medan mor og far fekk kvar sitt par med deilige, nålebundne sjøvotter, eller *vavotter* som strilane gjerne kallar dei. Vi gratulerer familien med prisen for beste kleddrakt på Torgdagen 2016!

Lena Eikeland Kutschera og Anne Grethe Aase Eide, begge frå styret i Torgdagen, var i juryen.

## Båter og båtliv på Torgdagen

Båter er ein svært viktig del av Torgdagen, for kystkulturen står sterkt både i byn og på Strilandet. Denne dagen er det berre trebåter, tradisjonsbåter, skøyter og veteranfartøy som får plass innerst i Vågen.

Styreleiar Svein Tore Solsvik legg den store kabalen for å få plass til alle som vil til Torgdagen. Det er vakkert i Vågen der dei flotte båtane ligg tett i tett, med robåtar og små tradisjonsbåtar innerst mot Torget, og skøyter og andre fartøy ligg utanpå kvarandre langs kaikantane heile vegen.

Fjell kystlag hjelper Torgdagen i Bergen med vakthald både med vaktbåt på sjøen, og dessuten vaktar på land. Det gjer ein viktig jobb for å få folk til å komme på plass, og syte for at båter som er påmelde, kjem og legg til der dei skal.

Det myldrer av folk på land, men det er også mykje liv og røre i båtane. Mange lag og organisasjoner, vennegjenger og kystfolk koser seg ombord i båtene. Nokre har med musikk, og andre med både reidskap og motorar, for å vise fram kystkulturen.

I høve Hansadagene har dei store fjordabåtane og fjordbussene lenger ute langs kaien på Bryggen, men fleire av dei kom i rute til Torgdagen slik dei pleier.

## Fine folk på Torgdagen

Torgdagen i Bergen er ein folkefest, og at folk har det kjekt, både gammal og ung – det vitnar alle desse smila om, det er smil og godt humør frå ende til annan, både i båtar, på scena, framfor scena, på Torget og over alt.

Dette var ein god dag i Bergen!

## Ære til ein heidersmann!

Laurdag 11. juni var det den 40. Torgdagen i Bergen, det var også den 40 gongen Nils Harald Lie var med og arrangere Torgdagen. Slik fortener heider, og styret fann det då heilt på sin plass å dele ut Æresmedlemskap i Torgdagen i Bergen til denne heiderskaren, Nils Harald Lie.

Nils Harald Lie har vore aktivt med i Torgdagsutvalet sidan det vart oppretta i 1977, og har i alle år fremja kystkulturen på ein framifrå måte.

Nils Harald er levande interessert i kultur, og er eit oppkomme av kunnskap og historier frå gammal tid. Gjennom mange år har han samla inn eit omfattande materiale av intervju med eldre personar på Sotra, og i dag er dette er av stor, allmenn interesse. Han har også samla gamle gjenstander og klede, og kjerner – og kan formidla – historia bak det meste. På heimegarden har han teke vare på to gamle hus, og inviterer gjerne bl.a. skuleelvar til omvising og ei interessant historietime. Han er også ein kunnskapsrik og underhaldande kåsør i ulike samanhengar.

På Torgdagen, både på møter og på sjølve dagen er han opptatt av å formidle kystkulturen, strilakulturen og møtet mellom by og land, og ivrar sterkt for å dele dette med alle. Det er viktig at den gamle kunnskapen ikkje går tapt, og han har alltid gjort sitt for at nye generasjonar skal kunne ta med seg gamal visdom.

For alle desse åra, for alt dette engasjementet, og for alle gode historier og lune smil – du fortener ære – og:

*Vi har vett til å takka! STOR TAKK, NILS HARALD!*

## Rokonkurranse på Torgdagen 2016

Dei siste åra har Torgdagen i Bergen tatt opp igjen tradisjonen frå tidlegare år med rokonkurransen, det er Hordaland fylkeskystlag som står bak denne uhøgtidelege tevlinga på Vågen. Tre lag stilte til start i år.

Det var karane Aksel Monsen og Kai Soltveit fra Askøy kystlag som stakk av med sigeren i rokonkurransen på Vågen. Dei vant både på stil og tid! Dei fekk sterke konkurranser frå Torbjørn og Vidar Ågotnes frå Fjell kystlag, men eit humleband svikta, og dette avgjorde seieren til Askøy kystlag sin fordel. Eit anna moment var at desse karane hadde rodd frå Ågotnes til Bergen på morgonen, og var litt trøtte før konkurransen begynte. Karsten Solsvik gjorde også ein imponerande innsats, han rodde ein færing åleine med tre passasjerar, han hadde med seg barnebarna Julian og Olivia, i tillegg til kameraten Oliver.

For første plassen var premien eit krus, andre plassen flagg, tredjepllassen caps og pins, alt gåver fra Forbundet Kysten.

Flott innsats av alle!

Gratulerer med sigeren Aksel Monsen og Kai Soltveit!

## Boder og torghandel på Torgdagen

Torgdagen i Bergen er prega av kystkultur, men også handel, og representerar strilane som kom til byd med varer og solgte til bymann – by og land, hand i hand. På Torgdagen har det i 40 år kome torghandlarar til Torgdagen, utanom dei faste Torghandlarane som held til der til vanleg.

Her er det lag og organisasjonar som sel tradisjonsmat til inntekt for sitt lag eller forening, det er småskala handverkarar som sel sine produkt, og det husflidslag og litt av kvart.

Ludvig Daae Lampe og Trond N. Berntsen i styret for Torgdagen koordinerer torghandlarane og bodene på Torgdagen.

## Frå Torgdansen med Ausekarane

I høve den 40. Torgdagen i Bergen, og Hansadagene, slo vi på stortromma og inviterte Ausekarane til Torgdans i etterkant av sjølve Torgdagen. Dei har også fleire gonger tidlegare spelt på Torgdagen. På Torgdansen fekk desse kystkarane boltra seg på scenen i ein time, og dei hadde eit forrykande show, til eit publikum som sto på Torget som sild i tønne – glad sild i tønne! Det var smil og det var latter, det var dans og det var allsong, armar og bein gjekk i takt med den fengande musikken.

Ausekarane jubilarer sjølv i år også, det er 10 år sidan Ausekarane med Tor Endresen og Bjørn Jensen samla og gjekk i øvingslokalet der dei auste på uavbrutt i eit halvt år. Der tolka dei Johannes Kleppvik sine songar og fant det musikalske uttrykket som skulle verda Ausekarane sitt fundament, som dei seier sjølv.

I 10 år har dei turnert med Ausekarane, med konserter både på land og ikkje minst på sjø. Dei er no aktuelle med **Go'knall på Ferjo** og reiser rundt til kaier på heile Strilalandet. På Torgdagen holdt dei eit flott og fengande show for både bymann og stril.

Stor stemning

## **Styret i Torgdagen takkar alle!**

No har vi vist eit stor utval av bilete og hendingar på Torgdagen i Bergen i 2016. Styret i Torgdagen vil takke alle som har vore med å gjøre dette til ein så flott dag. Vi har jobba mykje med arrangementet, men det har også mange andre gjort på kvar sin kant, både lag og foreiningar, organisasjonar, næringsdrivande og privatpersoner.

Det er varar som har vorte produsert for sal, båtar som er vålt og sett i stand, songar som er øvd inn, klede som er ordna og stelt for høvet, vaffelrører som er laga, og kaker som er bakt, rutetider som er sett opp, dansetrinn som er øvd inn – i det heile tatt MYKJE som mange har gjort av førebuingar for at denne dagen skulle bli så flott som den vart.

Vi er stolte over at Torgdagen har vorte arrangert 40 gonger på rad, og framleis er sprek og rakrygga, og har så stor oppslutning. Tusen takk også til alle som var på Torget laurdag 11. juni 2016.

**Velkommen att til neste år – Torgdagen i Bergen – laurdag 10. juni 2017!**

**Styreleiar**

**Svein Tore Solsvik**

## Torgdagen 2016



